

**Kvar er fisken i Uskedalen denne sommaren?**

Både fastbuande og turistar har stilt dette spørsmålet til uskedalen.no i det siste og vi kan ikkje svara.

Etterlysinga sendast med dette vidare.

Når det gjeld Uskedalselva opna fisket 1. juli dette året, altså 2 vekar seinare enn normalt, for at fiskenskulle spreia seg skikkeleg opp gjennom vassdraget.

Men så langt har uskedalen.no fått melding om fangst av berre ein einaste fisk og den vart teken same dag som fisket starta.

Ein årsk er naturleg nok at det har vore svært lite nedbør. Men no har det regna bra og det har resultert i eit visst innsig av fiskarar. Men dei har ikkje fått fisk, melder fleire av dei.

Når det gjeld fisket i fjorden, er Børnes ein populær fiskeplass og i dag var både tyskarar, polakkar og nordmenn i aksjon der. Men heller ikkje dei hadde fått så mykje som eit napp.

Over står Norbert Zopf og Herbert Horgie frå Nürnberg i Bayern og under Tom Skotnicici og Tom Kaspereic frå Bielsko Bala, men busett i Uskedalen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

